

Romjulsdans med Irish Stew

22.12.2009

Det blir romjulsdans i år, melder Aktivitetshusets Damevenner. Dei skipar til dansen i Aktivitetshallen 30. desember, opplyser Anita Enæs til uskedalen.no

Gruppa Irish Stew spelar og dørene opnar klokka 21. Dette er ei lokal gruppe som består av erfarte musikarar: Magne Røstbø i front med vokal og gitar, Frode Kaldestad med trekkspele, fløyte og tangentar, Jan Arthur Kalsaas med slagverk, John Larsen på bass og Egil Vaage med fele og mandola.

Gjengen hentar som namnet seier inspirasjon frå den irske folkemusikken og Dubliners, men spelar også anna rootsmusikk og kjende coverlåtar. Musikken deira høver både til allsong og dans og gutane seier sjølv at dei byr på fengjande gladmusikk som passar for alle lystige lag.

Billetten kostar 200 kroner og det blir sal av øl og vin.

Med andre ord blir det høve til å svinga seg to kveldar i Uskedalen denne julen.

Festidalen har som tidlegare annonsert stor fest med quiz og diskodans på Dønhauglavén 2. juledag.

Av Ola Matti Mathisen